



Husdyrdøming på Rogaland jordbruksskule på Tveit kring 1950. Foto frå skulen sitt jubileumskrift, 1952.

FRÅ "AAGERDYRKNINGSSKOLE" TIL "REFORM 94"

Landbruksopplæringa i Rogaland gjennom 150 år.

KYRRE HATTELAND

Etter forslag frå Stavanger Amts Landhusholdningsselskap om å løyva pengar til ein Landbruksskule i Rogaland, gjorde amtsformandskapet i 1843 vedtak om å få utarbeidd plan for oppretting av landbruksskule i amtet. Resultatet av vedtaket vart Buddes landbruksskule på Austrått i Høyland som starta opp i 1846. Det er såleis no 150 år siden arbeidet med landbruksundervisninga i Rogaland tok til. Landbruksskulane har fått mykje av æra for den store framgangen i jordbruket i fylket i denne tida, så det er eit jubileum det er grunn til å merka seg.

Det har også vore ei stor utvikling innan landbruksopplæringa i desse 150 åra, særleg i dei siste 20 åra. Undervisninga har forandra seg frå mest praktisk arbeid i den fyrste tida til i dag med opplæring i bruk av automatisk styring i produksjonen og EDB til rekneskapsføring og kontroll i fjøset.

Denne artikkelen er eit utdrag av eit større manus om landbruksopplæringa i Rogaland som tidlegare landbruksskulerektor Kyrre Hatteland arbeider med.

Dei fyrste landbruksskulane.

I gamle dager var det faren og mora som lærde opp ungdommen i bondeyrket ved å la borna ta del i alt arbeid ute og inne på garden. Det var ei solid praktisk opplæring tilpassa dei naturgjevne tilhøva i vårt langstrakte land. Men på grunn av teigblanding, leiglendingsystemet og lite opplysning hjå bøndene, hadde bondeyrket stivna til i ein fast tradisjon som hadde endra seg lite på fleire hundre år. Då dei nye ideane og driftsmåtane kom utanfrå gjennom embetsverket og andre "conditionerede", vart det nye sett på med stor skepsis og møtte ofte motstand hjå den vanlege bonde. Men i det primitive landbruket under våre naturtilhøve var det og mykje av det nye som

ikkje høvde hjå oss. Det vart derfor meir og meir klart at skulle det bli framgang innan jordbruket, så trongst det ei betre teoretisk og praktisk opplæring av bøndene. Dei nye metodane måtte også grundig prøvast og tilpassast våre tilhøve ved økonomisk drift. Spørsmålet kom då fram om å oppretta landbruksskular for utdanning av bondeungdommen og prøving og tilpassing av nye driftsmåtar. Den fyrste i Europa som byrja med landbruksskule, var tyskaren Albrecht Thaer. Han var lækjar og professor ved Berlin universitetet. Thaer dreiv godset Møgelin ved Brandenburg så rasjonelt og intensivt at han vart namngjeten over heile Europa. Han hadde studert engelsk jordbruk som då var det fremste i Europa, og

han hadde sett seg godt inn i landbrukslitteraturen. Thaer var og tilhengar av humusteorien, som meiner at humusen i jorda er den eigentlege plantenæringa. I 1806 oppretta han den fyrste eigentlege landbruksskule. Thaer meinte at landbruksfaga måtte byggja på naturvitskap og sosialøkonomi. Han var derfor føre si tid, og vart kalla "det rasjonelle jordbruk sin far".

Jacob Sverdrups Agerdyrkingsseminar 1825-37

Den fyrste som byrja med ein praktisk-teoretisk landbruksskule i Noreg, var Jacob Liv Borch Sverdrup (1775-1841). Jacob Sverdrup hadde vore lærar, og han hadde også vore landbruksforfattar. Han ynskte no å byrja med ein landbruksskule for utdanning av bøndesøner. I 1825 kjøpte han ein gard på Sem i Borre, og her starta han i oktober same år Noregs første praktisk-teoretisk landbruksskule. Skulen skulle fyrst og fremst vera ein skule for bondegutar. Han fekk ved hjelp av statsråd Jonas Collet ein offentlig stønad på 600 spd. mot at han skulle halda 8 elevar av bondestanden fri undervisning og fritt opphald. Men det var og høve til å ta inn "privatistar" av gutar med meir forkunnskapar. Desse var ofte frå større gardar eller frå embetsmannsheimar. Privatistane kunne ta eksamen i dei fag dei var interesserte i, og dei slapp å vera med i gardsarbeidet, men i staden måtte dei betala for kost og opphald. Jacob Sverdrup var ein flink lærar og hadde stor røynsle frå praktisk jordbruksdrift både på store og mindre bruk. Søknaden til skulen var og god, og fleire kjende føregangsmenn frå heile landet gjekk Sverdrup sin skule. Fleire vart og landbrukslærarar og skulestyrarar, m.a. Budde på Austrått. Dei ordinære kursa var 2-årige med opphald på skulen i to somrar. Det meste av undervisningstida var praktisk arbeid. Det var lite lærebøker i landbruksfag, og det teoretiske grunnlaget var på den tida tynt innan

landbruksvitskapen. Kunnskapsnivået til bondegutane var og så lågt at det var svært vanskeleg med noko vidare teoretisk opplæring. Det meste av tida var derfor praktisk opplæring og arbeidstrening med tilhøyrande markvandringar. Sverdrup dreiv garden godt og fekk gode avlingar. Fleire av elevane fekk her inspirasjon til å gå nye vegar, og dei fekk ofte stor innverknad på utviklinga i heimbygda.

Oppretting av landbruksskular i alle amt 1840-60

Ein gneist var tent, og i 1830-åra oppmoda Stortinget regjeringa om å oppretta ein høgare landbrukslæreanstalt for utdanning av landbrukslærarar. Men planane vart for dyre, og det var delte meiningar om kva som tente opplæringa best. I staden vedtok Stortinget i 1842 å yta eit tilskot på 600 spd. til kvart stift som ville oppretta ein landbruksskule. Seinare vart summen auka til 4000 spd. til kvart amt på vilkår av eit tilsvarende distriktstilskot. I 1840-åra var det gode åringar, og amta vart oppmuntra til å starta landbruksskular på grunn av statstilskota. I dei komande 20-åra vart det starta landbruksskular i alle amt (unnteke Finnmark), så i 1857 var det 18 landbruksskular i drift.

Det fyrste grunnlaget landbruksundervisning i Rogaland

Dei fleste fylke fekk sin landbruksskule i 1840-åra. Det fyrste vi høyrer om tanke på landbruksopplæring i Rogaland, var i 1830 då lensmann O. Øverland på årsmøtet i Stavanger Amts Landhusholdningsselskap kom med framlegg om at selskapet skulle kosta "1 eller 2 Subjecter fra Ryfylke" opphald på Jarlsberg Agerdyrkingsseminarium. Men selskapet såg seg ikkje råd med dette, og heller ingen våga å tenkja så stort at



Christian Feyer, skrifvar i Eigersund, tok til orde for eit jorddyrkingseminar i Stavanger Amt i 1838.

amtet kunne få sin eigen skule. Likevel fekk Øverland året etter sonen sin inn på Jacob Sverdrup sitt jorddyrkingseminar på Sem. Dette gav kanskje støytet til at initiativrike og sterkt landbruksinteresserte skrifvar Feyer i Eigersund nokre år seinare tok til orde for at vi fekk ein slik skule også i Stavanger amt. Det fyrste vi kan sjå at han talte for dette, er i ei offisiell fråsegn av 3. mai 1838 "angaaende hvorvidt Landboen i en vis Afstand fra Kjøb- eller Ladestederne

bør tilstaaes Handelsfrihed med visse Fornødenhed-svarer" – Han byrja slik:

"Man feiler neppe ved at antage at Agerdyrkingen af alle Næringer uden Undtagelse er den vigtigste, og det Mål, der storligen maa tragtes efter, er at bringe det derhen, at Landet om mulig i almindelige Aaringer kan brødføde sig, og ellers udfinde en Maade at indrette sig paa saaledes, at i det Mindste Landboen kunde udholde ikke alene et Misvextaar, men ogsaa en ei for lang Krigsperiode".

Så greidde han ut korleis den frie handel ikkje kan føra fram til dette målet. Det som det gjeld mest om, er med høvelege midlar å få landbruket så høgt som mogeleg. Av slike midlar nemner han fyrst og fremst eit betre skulestell og "Agerdyrkings-Seminarier" i dei ymse landslutar.

"Den Jammerlige Tilstand, hvori Skolevæsenet på Landet befinder sig, strækker knapt til at forskaffe den vordende Gaardbruger den tarveligste Kundskap i Regning og Skrivning, men ingenlunde nogen sand intellectuel og moralsk Dannelse, end mindre nogen-somhelst Anvisning til Husdyrenes rette Rygt, i Maskinvæsenet eller anden Kunstfærdighet som passende kunde drives på landet".

Så skildra ham med sterke fargar korleis dette verkar på familien og gardsbruket. Det er lite og inkje tiltak hjå dei unge, og det kan derfor ikkje verta noko framdrift med jordbruket og økonomien – "ei at tale om den Fare vor hele politiske Existens trues med, ved en saadan Stok af stemmeberettigte Borgere".

Den beste råda mot dei primitive tilhøva hjå bøndene meinte Feyer ville vera betre skular og meir kunnskap. "Til Undervisningsvæsenet paa Landet henregner jeg ogsaa Agerdyrkings-Seminarier. Blev de forenet en passende Undervisning i Veterinærvidensskaben, Gartnerkunsten og Forstvæsenet, samt i

Matematikk, Mekanik og Bygningskunst, foruden den almindelige sædelige Dannelse, kunne de ansees som Landmandens Høyskole. De måtte bekostes umiddelbart af Statscassen og staae under Regjeringens Bestyrelse, da de ellers ved utidige Indskrenkninger vilde blive uhenigtsmessige.

Vidare heiter det i Feyer sitt brev til Stavanger Amts Landbruksholdningsselskap 31. mai 1838:

Jæderen i Særdeleshet, er et av de Districter i Landet, hvor Kornavelen, maaske ogsaa Faareavelen, måtte kunne drives med størst Held og derved blive af overordentlig Viktighed for det Almindelige. Men ligesom Districtet desformedelst fortjener fortrinlig Opmærksomhed, således vil dets isolerede Beliggenhed gjøre, at det stetse vil komme til at staa tilbage, hvis det ikke fremlockes ved en Impuls fra Statsstyrelsens Side”.

Då saka kom føre på årsmøtet i Landhusholdningsselskapet i 1839 tok selskapet det ikkje fullt så roleg som komiteen. (3-mannskomite som skulle gje uttale om nytta av ein læreanstalt i landbruk.) Det vart gjort dette vedtaket: ”Dersom der af det nu samlede Storting intet bliver foranstaltet m.H.t. saadanne Læreanstalter, bliver Sagen paany at oversende den valgte Komite, der tillige tiltrædes af Sorenskriver Feyer som Medlem, for atter af denne at tage under Overveielse og dens Betænkning afgives om, hvad der i den Anledning måtte være at foranstalte”.


Selskapet sende saka over til Amtsformandskapet, som vedtok å senda saka til lærarane med Kobbervig lærerskole og til landbrukselskapet med oppmoding om å koma med plan for landbruksutdanninga i fylket. Selskapet fekk sokneprest J. T. Kielland i Hå til å arbeida ut ein motivert plan for ein ”Mønstergaard” med tilbod om å få leiga Hå Prestegard til dette i hans embetstid.

Frå J. A. Budde kom ei omstendeleg utgreiing med plan og overslag til ein ”Agerdyrkningskole” dat. 17. oktober 1843. Det er eit uvanleg interessant dokument.

Desse planane vart så trykte og av amtmannen sende i byrjinga av 1844 til alle formannskapa og sokneprestane i fylket. Etter innkalling av amtmannen vart det i mai halde eit møte på Skjæveland i Høyland med styret for landhusholdningsselskapet og 30 gardbrukarar. Det vart så vald ein komite på 5 medlemmer som skulle granska saka. Med i komiteen vart prokurator Bull, lensmann Mossige, kapt. (grosse- rar) Fr. Petersen, kirkesanger Ueland og gardbrukar Even Stangeland. Utgreiinga frå denne komiteen vart saman med saksdokumenta lagt fram for amtsformandskapet same året.

Etter formannskapsloven av 1837 og den store skulekomisjonen av 1839, ”Riksskolenevnden”, var skule- og undervisningsspørsmål svært aktuelle og mykje debatterte i desse åra. Det var det første fullstendige tiltak for å få orden og forbetring på høgare og lågare skulestell etter at landet vart sjølvstendig i 1814. Det er tydeleg å sjå at oppgåva med å skaffa bondeungdomen ei betre både faglig og allmenn utdanning var svært levande både i landhusholdningsselskapet og i amtsformandskapet. Dessutan hadde Stortinget i 1842 løyvd pengar til å starta ein landbruksskule i kvart stift dersom stiftet sjølv tok like stor del av kostnaden. Tilhøva låg derfor godt tilrette for å starta ein landbruksskule i amtet, slik som det vart gjort i alle andre amt i desse åra (unntekte i Finnmark).

Den 20. juni 1844 vedtok amtsformandskapet at det skulle opprettast ein landbruksskule i amtet, og det vart løyvt dei pengar som trongst. Det vart og valt ein komite til å ta seg av det praktiske med gjennomføringa av vedtaket.



Heimahuset på Budde sin landbruksskule på Austrått i Sandnes. Foto frå ”Rogaland Landbruksselskap gjennom 150 år”, Stavanger 1926.

Komiteen tok oppgåva si grundig og gav ei omfattande innstilling til amtsformandskapet i 1845. Ved utlysinga kom det 5 søkjarar til styrarstillinga, men komiteen torde ikkje føreslå nokon av desse til styrar og lærar ved landbruksskulen. I staden vende komiteen seg til ”Cand. Budde der er almindelig bekjent for at have gode teoretiske Kundskaber og derhos er i Besiddelse af den praktiske Duelighet, som her i landet kan indhentes. Han mangler følgelig kun at gjøre sig bekjent med Udlandets Virksomhed og Fremskridt i Agronomien, noget som han med en

Udenlandsreise endnu i dette Aar har Anledning til at kunne iverksætte.” Budde gjekk med på dette mot å få 400 spd. til reispengar.

Buddes landbruksskule på Austrått i 1846-76

Budde kjøpte 15. august 1845 halvdelen av Martha Gabrielsdatter sin part av Nedre Austrått til skulegard. Skulen starta med 7 elevar 1 februar 1846. I dei fylgjande åra vart det bygt hus, store areal vart grøfta og oppdyrka, gjerde og vegar vart opparbeidde, tre og

hageanlegg vart planta som står den dag i dag. Seinare vart eit par parsellar av Høyland prestegard kjøpt til, så då Budde døydde i 1906, hadde garden 428 dekar dyrka jord. Det var såleis eit stort byggje- og dyrkingsarbeid Budde hadde utført dei 60 åra han dreiv garden på Austrått.


Statsagronom Joh. Lindeqvist reiste over Jæren i 1855 og var då innom landbruksskulen. Han skreiv her m.a. i sin reiserapport: "I underste Etage af en Fløibygning findes Bryggerhus og Melkebod med Graastensmur og Stengulv. Melkeboden udgjør 120 kvadratalen, Gulvet er 1 1/2 Alen under Jordfladen og belagt med Kalkstensheller fra Sverig. Et Haveanlæg er paabegyndt, ligesom man ogsaa har plantet Trær nærmest Husene.

Næper og kaalrødder syntes nogenlunde lovende, hvorvel Mark havde Beskadiget dem noget. En stor Hampager, som man ei forhen havde seet i dette Distrikt, stod Kraftig og frodigt. De til Overflod forhaanden værende store Jordstene sprænges og nedlegges i sterkt oppførte Stenmure, mellom de regelmessige, inndelte jordlodder, Skjælkalk (Skjælsand) er bleven anvendt (50 Tønder pr. Tøndeland) med god Virkning. Den har efter 1 1/2 Mils Transport tilsøs til Sandnæs Havn kostet 5 skil. pr. Tønne. Fiskeaffald (Gan) koster 48 skil. pr. Tønne og svarer god regning, men han ei faaes i tilstrækkelig Mængde. Her underholdes 25 stk. Kvæg med Stort og Smaat og 4 Heste. Jeg forlod Østraat med det Ønske at ret mange af Jæderens Jordbrugere vilde følge Hr. Buddes Exempel med Hensyn til Indretningen af Melkebod, lukkede Grøfter, Stenmure og Brug af Skjælkalk m.v.

Undervisninga ved Buddes landbruksskule

Budde la meir vekt på teoriundervisninga enn før, det var ikkje nok berre å læra ungdomen praktisk arbeid.

Dei måtte ha eit teoretisk grunnlag for å kunna forstå korleis arbeid og drift burde ordnast mest mogeleg fornuftig. Vi ser at Budde var farga av Grundtvig sine idear om folkeopplysning og heving av allmenndanninga hjå allmugen. Derfor meinte Budde at skulen også burde ha som mål å utdanna gode samfunnsborgarar som kunne hevda seg i landsens styr og stell. Det opplærings- og oppsedingsmål denne retninga arbeidde for kan vi kalla den "teoretisk-praktisk dugande jordbrukar og samfunnsborgar". I skuleplanen stod det ikkje noko om å gje anna enn fagopplæring. Ingen hadde bede Budde om å leggja opp undervisninga slik at han kunne ha "en almindelig Dannelse til Øymed". Men med Budde sin store



Budde var ein varm talsmann for nepedyrking. Illustrasjon frå Lysbakken: "Havedyrkning" som kom i første opplag i 1909.

autoritet og respekt vart dette godteke i amtet utan nemnande protestar. Budde la stor vekt på teorien og nytta 4-6 timar dagleg utanom onnene til teoriundervisning. Det var meir enn nokon annan landbruksskule hadde. Han gjekk så langt i einskilde fag og tok med så mange emne at skulen i tillegg til yrkesopplæringa også minte ikkje så lite om ein realskule eller høgare allmugeskule. Budde hadde stor pedagogisk innsikt, og han dreiv ingen puggeskule. Når det hende at folk undra seg på korleis det let seg gjera å undervisa i så mange emne på den korte tida kurset varde, svara Budde at han ikkje la vekt på utanåtlæring, men på forståing. "Thi for Folk af almueklassen i en Alder af 20 Aar og derover kan dog Skolens Hensigt ikke være den at være en Kontrol og Tvangsanstalt til Læsning, eller at faae en vis Qvantitet indpreget, men derimot at man ved Examination og Samtale forvisser sig om, at det Læste er forstaaet, samt sætte dette i Forbindelse med gjorte Erfaringer."

Den praktiske opplæringa hadde mindre tid hjå Budde enn ved dei andre landbruksskulane. Det ser ut for at Budde la vekt på at det skulle vera meir opplæring enn arbeid, og klager på at det vart for mykje einfelt rutinearbeid og for lite lærerike oppgåver ser det ikkje ut for å ha vore nemnande av, slik det var så vanleg ved andre landbruksskular. Emna for dei praktiske arbeida var dei vanlege: Alt slags gardsarbeid og øving i reparasjonar og framstilling av gardsreiskapar.

I eitertid har Budde blitt kjent som ein føregangsmann innan landbruksundervisninga og praktisk jordbruk. Men motstanden frå bøndene vart ofte stor, for den moderne gardsdrifta Budde innførde og ivra for, braut for mykje med det gamle nedarva jordbruket. Han innførde nye planteslag og skiftebruk. Særleg var han ivrig til å få bøndene til å dyrka nepe,

som trongst for ei betre foring i fjøset. Han fekk tilsett ein handverkar som skulle utvikla betre plogar og andre gardsreiskapar. Ein steinbukk vart konstruert, og elevane fekk vera med i smia og laga dette. Noko fekk dei og ta med seg heim. Garden vart i Budde si tid oppdyrka og husdyrhaldet auka til 30-40 storfe og 6 hestar. Det vart etter kvart eit mønsterbruk som var vide kjent. Likevel var skepsisen og motstanden stor hjå bonden til alt det nye. Det vart liksom ein mote å vera mot landbruksskulen. Lensmann M.A. Grude i Høyland fortel det slik i boka si "Jædderen 1814-1914": I en hel lang Aarrække var det anseet som Merke på ægte godt bygdepatriotisk Sinnelag og paa uforfalsket Folkets Mand at være afjort Motstander mot landbrugskolen, Budde og hans nye Driftsmaader, der ikke i Art og Væsen kunne være av det gode. Spottende kalte Folkevittigheten ham undertiden for "Næbekongen". Av ymse grunnar kom det i amtsformannskapet fram forslag om å leggja ned skulen på Austrått, for ein ville koma bort frå ordninga med skule på privat eigedom. Det vart forhandla med Budde om å halda fram med skule til amtet hadde funne ein skulegard, men Budde sa sjølv opp skulen og slutta i 1876 etter 30 års drift. I alt vart det frå skulen på Austrått uteksaminert 170 amtselevar. I tillegg til dette kom det i 1850-åra nokre betalande privatelevar. Det samla elevtalet kjem då truleg opp i over 200.

STAVANGER AMTS LANDBRUGSSKOLE PAA TVEIT

Førearbeid og val av gard

Det var ikkje meininga at Rogaland skulle vera utan landbruksskule fordi ein ville bort frå dei særgjeve tilhøva på Austrått. Problemet var fyrst og fremst at landbruksskulen på Austrått var på leigd jord, noko som skapte problem dei fleste stader i landet. Trass i

Garden Tveit og tilhøva på skulen dei fyrste åra

Då garden vart overteken i 1877, hadde han relativt gode bygningar. Den siste brukaren hadde sett opp både uthus og stovehus som høvde på ein større gard. I uthuset var det plass til 20 storfe og 4 hestar. Stovehuset var av vanleg stil i 1 1/2 høgd med 3 stover i lengda. I andre høgda var det 5-6 rom. I stovehuset måtte dei ha matstellet, og dessutan skulle styrar, lærar, elevar og tenarar bu her, og dei måtte ha rom til undervisninga. Det er utruleg at dei kunne greia seg med så lite rom, men elevtalet var lite og krava var ikkje så store den gongen. Elles var det på garden ei gamal røykstove, vedhus, reiskapsbu, naust og smie, i det heile ein godt utbygd storgard i Ryfylke.

Det var ikkje alltid gode arbeidvilkår på Tveit dei fyrste åra. Skulen hadde ikkje skule- og internatbygning, så elevar og tilsette hadde det svært trangt og kummerleg. I 1860-70 åra var det dårlege tider for landbruket, og Jaabæk sine bondevennforeningar arbeidde for mest mogeleg sparemd i det offentlege. Dette skapte tronge økonomiske vilkår også for landbruksskulen. Mange tykte skulen vart for dyr med inntak av berre 12 elevar annakvart år. I sørfylket tykte dei og at skulen låg avsides og naturtilhøva var ulike det dei var vane med. I 1884 kom det eit framlegg frå Heskjestad venstreforening om å leggja skulen ned med den grunngeving at han vart for dyr. Framlegget vart lagt fram for amtsformannskapet som gjorde dette vedtaket 28. juni 1884:

"Amtformandskabet anmoder Landbrugskolens Overbestyrelse om til næste Amtformandskab at udtale seg om Forholdene ved landbruksskolen og i Tilfælde om dens Nedlæggelse. Denne Udtalelse foranstaltes trykt og betimelig tilstillet Herredene."

Dette oppdraget utførde overstyret raskt. Det kom

til det resultat at skulen ikkje burde nedleggjast, men halda fram på Tveit.


Amtsformannskapet kom til same resultat, skulen skulle halda fram. Mykje av æra for dette fekk amtmann Morgenstjerne, som var ein varm ven av skulen og støtta skulen så godt han kunne. Dette vedtaket er til ære for amtsformannskapet som var framsynt og fast i trua på landbruksskulen i denne vanskelege tida. Det kan nemnast at av dei 18 landbruksskulane som fanst i 1857, var det i 1874 berre 6 att. Av dei skulane fylka dreiv på eiga rekning, var det berre Haug, Stend og Tveit som overlevde. – Seinare har det fleire gonger kome forslag om at Tveit jordbruksskule skulle leggjast ned, men kvar gong har skulen ridd stormen av. Styret har alltid vore positivt og støtta skulen i tronge tider når søkjartalet har gått ned og kritikken har vore følbar.

I byrjinga av dette hundreåret var politikarane svært opptekne av korleis ein kunne betra levekåra til småbrukarane i landet. Særleg landbruksminister Gunnar Knudsen meinte ei betre fagleg utdanning var viktig for å heva inntektene hjå småbrukarane slik at dei ikkje reiste inn til byane eller utvandra til Amerika og avfolka bygdene våre.

På Tveit jordbruksskule vart det vedteke ny plan for skulen i 1917. Etter planen vart det lagt meir vekt på opplæring i smånæringar. Elles bygde planen på skuleplanen av 1906. Det vart tilsett eigen småbrukslærar, og i 1917 vart det bygt hønsehus til 100 dyr. Før hadde det ikkje vore noko slag fjørfe på skulen. Sauehald vart starta oppatt, for det hadde lege nede sidan 1891. I 1918 vart det bygt nytt grisehus med 10 bingar, og det vart kjøpt inn gode avlsdyr av Yorkshire-rasen.

I 1936 vart det sett i gang 1-årig hagebrukskurs. Dette tok til om våren og hadde både praktisk og teoretisk opplæring. Som regel var det 5-7 elevar i

dette kurset, så søknaden var ikkje stor. I 1961 fall kurset ut på grunn av liten søknad. Elles har skulen arbeidd etter same plan til 1970, då departementet fastsette ny normalplan for fagskulane i landbruket.



G.E. Stangeland som dreiv privat vinterlandbruksskule i Klepp.
Foto: * Statsarkivet i Stavanger.

ANNA LANDBRUKSOPPLÆRING I ROGALAND
Då Budde hadde slutta med sin landbruksskule på Austrått og skulen vart flytt til Tveit i Ryfylke i 1877, hadde Jæren og Dalane ikkje nokon landbruksskule. I dei fyrste åra på Tveit vart det berre teke inn 12 elevar til 2-årige kurs annakvart år. Dette var altfor lite etter trongen til landbruksopplæring i fylket. Dessutan var det også vanskeleg for jærgutane å reisa til Tveit og vera borte frå heimegarden i to år. Det melde seg snart krav om ein landbruksskule for jærbygdene, og det vart sett igang ymse private tiltak. Det fyrste ein kjenner til, var den private vinterlandbruksskulen hjå G.E. Stangeland i Klepp, og jordbruksklassen "Bondehøgskulen" ved Jæren folkehøgskule.

Den private vinterlandbruksskulen hjå G. E. Stangeland i Klepp

Skulen kom i gang kring 1880. Kursen varde to vintrar, men nokre elevar gjekk berre ein vinter. Dette gjorde at i einskilde fag laut ein undervisa i to parti. Dei fleste elevane budde heime. Skuletida var frå 1. november til 1. april. Faga var lesing, skriving, rekning med geometri og hovudfaget jordbrukslære. Husdyrlære var det lite av, for husdyrstell var fyrst og fremst kvinne-arbeid i dei dagar. Lærebøker var det lite av. Nordstrøms jordbrukslære var den einaste eigentlege fagboka. Til lesebok vart brukt den store "Naturens Bog". I lesetimane fekk då elevane noko kjennskap til dei viktigaste naturfaga, slike som fysikk, kjemi, botanikk og geologi. G. E. Stangeland var einaste lærar. Han var som 20-åring uteksaminert frå Stavanger Amts Landbruksbrugskole. Stangeland vart i ung alder amtsagronom i Stavanger Amt etter Torkildsen. Deretter var han andrelærar ved "Den høyere Folkeskole" på Kleppe i cand. Wangenstens

styrartid. I 1877 fekk han Kongens fortjenestemedalje i sølv.

Det var etter at skulen på Kleppe var nedlagd, at G. E. Stangeland oppretta den private landbruksskulen i huset sitt på Stangeland. Skulen vart nedlagd alt i 1884. I siste kullet var det 11 elevar, 4 av desse var frå Høyland i Klepp.

Jordbrukskurs ved Jæren folkehøgskule (Bondehøgskulen)

Jæren folkehøgskule vart starta i Klepp 1899 av Søren Øvretveit. Øvretveit vart lærarutdanna ved Stord Lærarskule. Han var interessert i jordbruk og bondereising, og var med på praktisk hagebruksarbeid på Ås ein sommar. Dessutan studerte han også dansk folkehøgskule og dansk landbruksopplæring. I 1907 sette han i gang ein eigen "gardmannsklasse" ved folkehøgskulen. Klassen var særleg "tenkt på dei som ikkje tykkjast ha høve til koma på ein jordbruksskule". Klassen hadde 10-15 elevar, og dei hadde 12 veketimar for seg sjølve i landbruksfag. Resten av tida var vanlege folkehøgskulefag. Gardmannsklassen var avgjort med på å gje Jæren folkehøgskule eit særpreg som skilde skulen frå andre folkehøgskular.

Våren 1916 skreiv Øvretveit ein lengre artikkel i skulen sitt blad "Kleppevarden" som han kalla "Bondereising". Artikkelen vart seinare gjeven ut i særtrykk og vakte stor interesse. Her hevdar Øvretveit at det burde setjast i verk særlege tiltak for å betra levevilkåra til bøndene, for å styrkja bonden sin sjølvvyrnd og for å hjelpa bonden til å få den innverknad på samfunnsutviklinga som han burde ha. Eit av tiltaka var betre og billigare skular for bondeungdomen. "Ein skule som er like god og like høveleg for bonden, som gymnasi er for legmannen og dei som vil studera". Han føreslår at det vert sett i gang

ei toårig vidaregåande allmenndannande folkehøgskuleline som skulle gje bondeungdomen "Gode vilkår for å gjera det godt i den kappestriden som alle må inn i." Tanken om ein slik skule vart teken opp av "Ungdomsnemdi i Norsk Landmandsforbund" der Øvretveit var medlem. Ideen om ein slik vidaregåande folkehøgskule må ha fengt, for ei rekkje interesserte bønder kom saman for å diskutera Øvretveit sine planar om ein bondehøgskule. Resultatet av dette møtet vart at det vart vald ei nemnd på 9 medlemmer, ein frå kvart herad på Jæren med lensmann Carl Carlsen i Klepp som formann. Etter ei rekkje møte sende nemnda brev til Øvretveit "Underskrive av halvanna hundrad av dei framste gardbrukarane på Jæren", med oppmoding om å skipa ein slik skule som skissert i artikkelen. Og alt då skuleåret 1916/1917 vart lyst ut, var dette kurset med: "Den utvida høgskulen (Bondehøgskulen), 1. og 2. årskurset". Dette vidaregåande kurset på eitt eller to år skulle byggja på eitt-års vanleg folkehøgskule.

Talet på elever i dei vidaregåande klassane (Bondehøgskulen) varierte med åra, men var oppe i 50 i 1-årskurset og 22 i 2-årskurset. Landbrukskandidat Johan Byrkjedal vart tilsett som lærar i jordbruksfaga. Hovudlærar for desse klassane var cand.mag., seinare lektor Karl Hatteland. Som ved dei fleste folkehøgskulane vart desse jordbruksklassane nedlagde etter få år. På Jæren Folkehøgskule gjekk desse vidaregåande kursa i 6 skulevintrar. Men litt landbruksrelaterte fag, t.d. kartteikning av gardsbruk, var det på Jæren folkehøgskule like til siste krig.

VINTERLANDBRUKSKULAR I ROGALAND Vinterlandbruksskulen på Jæren

Kring århundreskiftet var det ein svær framgang for jordbruket på Jæren. Mykje jord vart dyrka opp, vatn



Jæren Folkehøgskule 1915. Foto: K.K. Kleppe. * Stavanger Museum.

senka eller uttappa, handelsgjødsel og nye maskinar vart tekne i bruk. Folk fekk betre råd til å gå på skule, og fleire og fleire såg at det var naudsynt å skaffa seg landbruksutdanning for å meistra alt det nye som no strøymde på innan landbruket. Men kapasiteten til Stavanger Amts Landbrugsskule på Tveit var for liten, og jærgutane tykte ofte det var bakvendt å reisa til Ryfylke for å gå på landbruksskule. Mange hadde også vondt for å riva seg lause frå arbeidet på heimegarden i to vintrar for å gå på skule. Amtsagronom Svend H. Ånestad kasta fram tanken om at herada på Jæren burde slå seg saman om ein skule for Jæren der undervisninga kunne leggjast meir nær til dei spesielle lokale tilhøva. I 1910 vart det sett med ein komite med representantar frå dei 10 jærkommunane. Dei føreslo at det vart sett i gang ein vinterlandbruksskule på Jæren, og dei arbeidde ut plan for ein slik skule. Skulen kom i gang 16. oktober 1911 på Høyland Stasjon. For å nå mest mogleg av ungdomen som ikkje kom til å søkja nokon landbruksskule, vart han gjort flyttbar mellom dei interesserte jærkommunane: Høyland, Randaberg, Varhaug, Time, Hetland, Gjesdal, Nærbø, Håland, Klepp og Ogna. Kvart herad skulle yta ein fast årleg sum, og dessutan i det året skulen var i heradet, kosta skulelokale med lys, brenne og reinhald. Kursa var på 5 mnd. Skulen sitt representantskap var samansett av fylkesmannen i Rogaland og ein mann frå kvart av jærherada. Svend H. Ånestad som hadde teke initiativet til vinterlandbruksskulen, vart tilsett som styrar. Han hadde gått på Buddes landbruksskule og seinare begge avdelingane ved Ås høgere Landbrugsskule.

Statstilskotet til drifta var den fyrste tida 75 % av utgiftene. Seinare vart det sett ned til 40 %. Det reduserte statstilskotet gjorde at utgiftene på eigarkommunane vart tilsvarende større. Dei store kommu-



Søren Øvretveit starta Jæren Folkehøgskule i 1899. Han sette igang ein eigen "gardmannsklasse" ved skulen i 1907.
Foto: K.K. Kleppe. * Stavanger Museum.

nale utgiftene sette skulen i fare. Men i 1984 vart skulen omgjord til ei stifting og fekk då 85 % statstilskot som andre privatskular. Det merkelege var at offentlege kommunar fekk oppretta ein privatskule. Men dette berga skulen økonomisk. Sidan vart det drive vinterlandbruksskule i Dalane 1947/67 og i Ryfylke frå 1981.

ROGLAND JORDBRUKSSKULE PÅ ØKSNEVAD Førearbeid og val av gard

Då landbruksskulen vart plassert på Tveit i Ryfylke i 1877, kom det snart krav om at den søre delen av fylket også fekk landbruksskule, eller at skulen på Tveit vart

lagt til ein meir sentral stad i fylket. Jæringdomen tykte ofte det var tungvint og unaturleg å reisa til Nedstrand for å gå på landbruksskule, for naturtilhøva var nokså ulike. Dessutan hadde Tveit altfor liten kapasitet til å ta inn alle som ynskte å gå på landbruksskule. Då Vinterlandbruksskulen på Jæren kom i 1911, avhjelpste han noko av trongen til landbruksopplæring på Jæren, men dette vart heller ikkje fullnøyande. Vinterlandbruksskulen hadde ikkje praksis, og dei korte kursa gav og forlite teoretisk utdanning. Somme av desse elevane søkte seg derfor over på ein fast landbruksskule etterpå. På Tveit auka søknaden i slutten av 30-åra mykje, så i 1937 greidde ikkje landbruksskulen å ta inn halvdelan av dei 85 søkjarane. Mange av desse kom frå Jæren og Dalane. Fleire og fleire såg no at noko måtte gjerast for å auka utdanningskapasiteten i landbruksundervisninga, for det var svært uheldig at landsungdomen ikkje fekk fagutdanning i denne tida med så sterk ekspansjon i landbruket.

I 1937 føreslår landbruksskulestyrar H. Aarstad på Tveit i eit brev til styret for skulen at Rogaland jordbruksskule vert utvida. Han seier her m.a.: "I dei seinare år har det meldt seg so mange søkjarar til skulen at berre umlag helvti er opptekne som elevar, grunna skort på plass". Aarstad føreslår at skulebygningane vert påbygde, og at det vert tilsett eit par nye lærarar. Då kan det takast inn ein klasse til. Men no er skulen heilt sprengd både på rom og lærarkrefter. Men det han bli vanskeleg å gje praktisk opplæring til så mange, seier han.

Landbruksnemnda i fylkestinget såg saka i eit vidare perspektiv:

"Nemnda meiner at denne saka bør grundig utgreidast, og ein vil gjera framlegg um at det vert sett med ei nemnd til å greida ut:

1. Spørsmål om å skipa ein ambulerande vinterlandbruksskule skiftevis i nordre og søre luten av fylket.
2. Utviding av skulen på Tveit.
3. Kjøp av ein gard til ny landbruksskule. Den måtte liggja anten i Dalane eller på Jæren."

Nemnda (Jordbruksskulenemnda) tilrådde samrøystes at det vart oppretta ein ny fast landbruksskule lagt på ein høveleg stad i Sør-Rogaland. Dei kalkulerte med at ein ny skule ville kosta ca. 400 000 kr. "Nemnda har og dryft spørsmålet *jordbruksskule* og *småbruksskule* og finn samrøystes at det for Rogaland ikkje vil vera noko naturleg skilje millom desse, men at det helst vert eit namnespørsmål". Saka vart lagd fram både for overstyret for jordbruksskulen og for Rogaland landbruksselskap. Begge slutta seg stort sett til jordbruksskulenemnda si tilråding.


Landbruksnemnda i fylkestinget drøfta og saka, og dei føreslår for fylkestinget i 1938 at det vert gjort dette vedtaket:

1. Det vert reist ein ny landbruksskule i Sør-Rogaland.
2. Fylkestinget oppmodar jordbruksskulenemnda supplert med eit jordbruksskulekunnig medlem å arbeida vidare med saka på ovanstående grunnlag, få høveleg eigendom på hand og få saka utgreid, slik at det kan liggja føre tilråding for komande fylkesting."

Tilrådinga vart etter eit nedstemt utsetjingforslag samrøystes vedteken. Som jordbruksskulekunnig medlem vart seinare valt jordbrukslærer Kristian Rønneberg på Tveit, som så tok plass i jordbruksskulenemnda sitt vidare arbeid.

Jordbrukskulenemnda sette då igang med å lysa etter tilbod på høvelege gardsbruk til jordbruksskulegard. Alle herada i Sør-Rogaland fekk tilbod. Nemnda feste seg med desse 3 gardane som mest aktuelle: Sæland, Øksnevad og Soma. I val av gard delte nemnda seg i eit fleirtal og eit mindretal. Fleirtalet gjekk inn for Sæland, men mindretalet gjekk inn for Øksnevad. Fylkesmannen støtta fleirtalet. Om Øksnevad (Klepp kommunegard) heiter det i fylkestingsforhandlingane:

”Garden ligg sentralt ved riksvegen Sandnes-Ånasira gjennom eigedomen. Garden er vel samla og har 417 da. dyrka jord, 40 da. kulturbeite, 400 da. dyrkande utmark, 335 da. yngre bartreplanting med ymse andre ting til, soleis rett til laksefiske, torvmyr og partar i samyrketiltak.



Rogaland jordbruksskule på Øksnevad i Klepp, slik den står i dag.
Foto: Jærmuseet.

Prisen er her kr 280 000. Klepp har lova tilskot soleis, at nettoprisen vert kr 180 000. Seinare har Klepp lova enno kr 20 000 til som ein meiner å kunna rekna med.”

Om Sæland heiter det:

”Eigedomen ligg i søraustre luten av Time til god bygdeveg mellom fylkesvegen ved Undheim og riksvegen ved Ålgård. Det er handgjeve 2 bruk med tilsaman 157 da dyrka jord, 75 da kulturbeite, 516 da. utmark og dyrkande mark, 160 da planta barskog, 780 da beitefjell, alt samanhengjande. – – –

Prisen på Aadne Sæland sin eigedom er kr 90 000, på Svein Oftedal sin kr 22 000, til saman kr 112 000. Heradtilskotet var først ytt med kr 50 000, seinare auka til kr 65 000, og nettoprisen for fylket vert såleis kr 47 000.”

Til fylkestinget i 1939 hadde den utvida landbruksnemnda i fylkestinget hatt saka føre om plassering av ny skulegard. Debatten i avisene gjekk friskt, og mange fordelar og ulemper med begge gardane vart trekte fram. I Fylkestinget vart det ein del debatt om val av skulegard. Fleire held fram at Øksnevad var den flottaste garden å sjå til og låg mest sentralt. Dessutan var han mest lett driven. Men somme heldt fram at han var for stor etter tilhøva på Jæren og Dalane. Sæland var ein betre sauegard, og det var lettare å dyrka frukt der. Dessutan hadde garden støypesand, og det var ein vakker og variert natur der som elevane ville lika. Representanten for Dalane meinte derimot at Øksnevad var minst like godt skikka som Sæland til opplæring i jordbruk for dei frå Dalane. Dei fleste heldt fram at Øksnevad burde veljast fordi han låg meir sentralt, var mest lett driven og hadde betre jord. At han var noko stor var ikkje så farleg. Aarstad hevda og at frukt dyrking gjekk like bra på Øksnevad som på Sæland.

Ved førebels røysting i fylkestinget fekk fleirtalet i landbruksnemnda sitt forslag om kjøp av Øksnevad 11 røyster. Ved endeleg røysting vart tilrådinga samrøystes vedteken.

- Det vart og vedteke å løyva kr 541 000 til oppføring av skulebygning med internat, og til andre byggjearbeid og naudsynte innkjøp i samsvar med føreliggjande planar.
- Utgiftene skulle dekkjast med lån over 20 år.
- Det vart valt ei byggjememnd som fekk slik samansetjing:

Fylkesagronom A. Norheim formann, ordførar Gabriel Joa og gardbrukar Tønnes Hauge

- Fylkestinget godkjende jordbruksskulenemnda sitt framlegg til plan og styre for skulen.

- Det skulle tilsetjast styrar for skulen frå 1. oktober 1939, og gardsfullmektig frå 1. april 1940.

Med dette vedtaket i fylkestinget 5. juni 1939 var Rogaland jordbruksskule på Øksnevad ein realitet.

I melding frå byggjenemnda til fylkestinget 11. juni 1940 vert det fortalt at det er sett i gang arbeid med ny styrarbustad. Arbeidet med skule- og internatbygning vart sterkt seinka på grunn av den harde vinteren med langvarig tele. Då krigen kom 9. april 1940, hadde dei fått støypt 1. dekket i skule- og internatbygningen. Arbeidet vart då drive med sterkt redusert arbeidsstokk, men det var meininga å gjera råbygget ferdig dersom det var mogeleg. Bygningsmateriala var stort sett kjøpte inn. Innreiinga skulle ein ta i samråd med fylkesutvalet når ein fann det høveleg. På den gamle låven skulle ein reparera dei verste skadane.

Husmorskulen på Sømme måtte røma i april dagane 1940 på grunn av den tyske invasjonen. Kyrne til husmorskulen vart overtekne av jordbruksskulen. Dessutan vart det kjøpt inn noko buskap til. Det vart og kjøpt traktor, mjølkemaskin, treskjeverk og mest alle andre naudsynte landbruksmaskinar. Gardsdrifta kunne derfor starta opp våren 1940 i fullt omfang. Ein må seia at byggjenemnda med fylkesagronom Norheim som formann gjorde eit imponerande arbeid med å få planane klare så raskt at byggjearbeidet kunne setjast i gang knapt 2 mnd. etter fylkestingvedtaket. Dersom ikkje byggjenemnda og fylkesadministrasjonen hadde handla så raskt og effektivt, så ville truleg igangsetjinga av jordbruksskulen på Øksnevad blitt utsett i mange år på grunn av krigen og materialmangel. Det hadde vore ein svært lei situasjon sidan søknaden til landbrukskulane var så stor under krigen. Mange gutar slapp også å bli utkommanderte i arbeidsteneste når dei kom inn på ein landbruksskule og såleis var med på

matauken i landet. Men dei som stod for byggjearbeidet under krigen, må ha hatt svært blanda kjensler. Det var materialmangel og mange slags vanskar, og framtida for land og folk såg lenge vonlaus ut. Men folk var likevel optimistar. Snart var krigen slutt, og så skulle det bli ei ny og betre tid. Arbeidet med å starta opp skulen gjekk derfor vidare slik at dei fyrste elevane kunne koma til Øksnevad fyrst i oktober 1940.

Garden Nedre Øksnevad

Garden Nedre Øksnevad i Klepp er ein stor og gamal gard. At garden er gamal ser vi m.a. av alle gravhaugane som er funne. På garden ligg og Øksnevadvarden. Namnet Øksnevad tyder eit vad der oksane vasser over elva.

I 1890 kjøpte Klepp kommune bruk nr. 1 og 2 til fattiggard. Alt i 1892 vart det gamle kvernfalllet selt frå garden. I 1892 vart det bygt nytt stovehus på garden, og i 1896 nytt uthus. Garden vart i dei kommande åra utvida og forbetra med grøfting og nydyrking, og det vart planta skog. Rogaland fylke kjøpte garden av Klepp kommune i 1939, og det var då eit av dei største gardsbruka på Jæren. Ved overdraginga til fylket hadde garden 417 dekar dyrka jord, 40 dekar beite, 400 dekar utmark og 335 dekar yngre bartreplanting. Sidan garden ligg til Figgjoåa, har garden rett til laksefiske i elva. Garden har og torvmyr og grusbaner. På garden var det ein nokså bra driftsbygning, og det var to større våningshus. Desse to husa vart brukte til personalet og som internat for fattiglemene på kommunegarden. Det var såleis ein stor og allsidig eigendom fylket fekk kjøpa til skulegard. Her er jord nok – både fastmark og myrjord – til gardsdrifta, og til øvingar i grøfting og nydyrking for elevane. Riksveg 44 går gjennom eigedomen, så garden ligg sentralt på Jæren. Erttertida har synt at det var eit godt val av skulegard.

Men den tidlegare kommunegarden stetta naturleg nok ikkje dei krava vi set til ein mønstergard, som ein skulegard bør vera. Bygningane byrja å bli gamle, og dei var umoderne og lite høvelege til skulebruk. Vegar og gjerde var heller ikkje "tipp topp". Ein del av jorda var vassjuk og trong grøfting. Jorda på Øksnevad er delvis sjølvdrenerande sand- og grusjord av glasifluviale moreneavsetningar. Men mykje er myr som delvis ligg lågt med dårleg avlaup. Då skulen overtok garden, vart det straks satt igang med grøfting og kanalisering, nydyrking og andre grunnbetringar. Dette vart gjort med eigne folk mellom byggjearbeidet. Dei milde vintrane vart mykje brukt til dyrkingarbeid. Under krigen lødde arbeidsfolka opp ein vakker dobbel steingard langs riksvegen i ei lengd på 340 m. Elevane i 1 1/2 års kurset var og med på grøfting og nydyrking i sommarhalvåret, og dei fekk såleis verdifull praksis i slikt arbeid. Dei fyrste åra vart det nytta spade, spett og steinbukk til nydyrkingsarbeidet. Seinare vart det mekanisert med traktor, gravemaskin og bulldoser. I skogen vart det og grave grøfter, og elevane planta skog kvart år som øvingar. I seinare år har kulturbeita etter kvar blitt fulldyrka eller rydda for stein og planerte, slik at det har blitt "maskinbeite" der det kan brukast maskinar til gjødsling og stell. Såleis har jorda gjennom desse 50 åra stadig blitt forbetra, og den dyrka jorda og skogen blitt utvida. No har Øksnevad jordbruksskule 650 dekar dyrka jord og beite, og 600 dekar skog. I alt er Øksnevad skulegard, gardsnr. 7 bruksnr. 1, på 1565 dekar. Skylda er på 12 mark og 49 øre.

Oppstarting av skulen


Plan for skulen vart vedteken av Rogaland fylkesting i 1939 og godkjent av Landbruksdepartementet den 19.

januar 1940, med tilleggsskriv dagsett 19. juli 1940. Planen byggjer på ny normalplan av 1938 med 1 1/2-års agronomkurs som hovudkurs, men også høve til å ha eit 2-vintrars teoretisk agronomkurs med godkjend praksis utanom skulen om sommaren, enten på heimegarden eller hjå andre gardbrukarar. Skiljet mellom landbruksskule og småbruksskule skulle bort. Fag og timetal vart justert i høvet til den teknisk-økonomiske utviklinga i landbruket. Fag som teknikk, driftslære, økonomi, rekneskapsføring, handverksøvingar og gymnastikk fekk meir rom. Timar i hagebruk og skogbruk vart auka, men smånæringane fekk redusert timetal. Normalplanen hadde og ein føremålsparagraf. Det var fyrste gong departement og Storting hadde med ein slik paragraf. Etter denne føremålsparagrafen skulle landbruksskulane ikkje berre gje ei god og tidhøveleg fagleg utdanning, men og verka oppsedande på ungdomen. Korleis dette med oppseding skulle gjerast, var det stor usemje om. Det var særleg statskonsulent for landbruksopplæring T. Christensen si forteneeste at denne paragrafen kom med. I normalplanen frå 1938 vart det klart uttrykt at landbruksskulane skulle ha eit to-sidig føremål: "Skolen har til formål å dyktiggjøre ungdommen for landbruksnæringa med å gi fagopplæring i landbrukets driftsgrener avpasset for distriktet. Dertil skal skolen virke for en sund harmonisk utvikling av elevane." Formuleringa "sund og harmonisk utvikling av elevane" var svært vid og upresis, og skapte ofte tvil om korleis dette skulle gjerast. Stoda vart ikkje lettare av di opplæring og orientering i undervisnings- og oppsedingsspørsmål hadde så liten plass i den utdanninga landbrukslærarane fekk. Elles fastsette planen at i "den utstrekning forholdene tillater det, skal det holdes ved samtlige kurser frie foredrag av allmenn art, dessuten bør sang ofres tilbørlig oppmerksomhet".

Landbruksskulane har vore internatskular der elevane bur utanom undervisningstida. Dei som hadde lang veg heim, budde og på skulen i helgene. Etter den nye planen skulle skulen også utanom skuletida søkja å styrkja dei unge si karakterutvikling og hjelpe dei til å bli gode samfunnsmenneske. Dette var ei stor og vanskeleg oppgåve ved sida av den faglege opplæringa. Særleg vart dette arbeidet viktig då vi fekk elevane av begge kjønn i grunnkursen i ein alder av 16 år og oppover. Arbeidet og tilsynet ved skuleinternatet vart derfor ofte ei stor byrde for rektor natt og dag. Dei fleste landbruksskulane hadde vel ei kjensle av at det oppsedande sosialpedagogiske arbeidet makta dei ikkje fullt ut, og stundom klaga foreldra. På den andre sida kunne internatlivet skapa godt kameratskap, og dei unge laut læra å ta omsyn til kvarandre. Elevane tykte stort sett at dei hadde det gildt men travelt på landbruksskulen.

EI NY TID FOR FAGSKULANE I LANDBRUK

Landbruksskulane, husflidskulane og husmorskulane låg før under Landbruksdepartementet. Men i 1956-59 vart husflids- og husmorskulane førde over til Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Fagskulane i landbruk var då dei siste som stod under sitt eige fagdepartement. Det hadde lenge vore forslag om å leggja også landbruksskulane inn under Kyrkje- og undervisningsdepartementet saman med dei andre vidaregåande skulane. Det var alt gjort i Sverige i 1970-åra med godt resultat. Ved kongeleg resolusjon av 8. februar 1985 vart det nemnt opp eit utval for å greia ut og leggja fram forslag om landbruksfagskulane sin framtidige struktur og plassering i skuleverket. Utvalet fekk 12 medlemmer og var breitt samansett. Formann vart bonde og veterinær Kr. Wibe, Steinkjer.



I 1896 starta S. J. Sandved ein privat hagebruksskule på garden sin Sandved.
Foto: Greve, Stavanger.

fram hagebruket ved skrifter, premiering og utdeling av frukttre. Budde vart oppfordra til å anleggja ein hage på skulegarden, og ein park vert planta til ved skuletunet. Men det var inga systematisk opplæring i hagebruk i Rogaland. Amtsgagnomane fekk i oppdrag å ta seg av rådgjevinga i hagebruk ved sida av å vera agronom og rådgjvar i jordbruksfag. Men amtsagnomane hadde ikkje spesiell hagebruksopplæring. Den fyrste vi høyrer om som skulle virka både som agronom og gartner, var amtsagnom G.E. Stangeland i 1870 åra. Fyrst i 1903 fekk vi den fyrste omreisande amtsagnomaren i Rogaland, og det var gartner Jakob Jansen. I 1896 starta S.J. Sandved ein privat hagebruksskule på garden sin Sandved i Høyland. På garden var det før eit stort handelsgartneri

som særleg dreiv med sal av frø og frukttre. Hagebrukskurset var på 10 mnd. og starta 1. februar og slutta 30. november. Det vart gjeve både teoretisk og praktisk opplæring. Teorien var på 600 timar, og i praksisen fekk elevane vera med på alt førefallande hagearbeid. Kurstida var godt tilpassa vekståret i eit gartneri, så praksisen vart relevant og meiningsfull. Det var ca. 20 elevar i kvart kurs. Etter skuleplanen var skulen sitt "Formål at oplære unge Mænd i økonomisk Havebrug". Hagebruksskulen skulle dekkja heile Vestlandet, og staten gav tilskot til drifta. Statstilskotet var ein del år kr 5800. Undervisninga var fri, men kvar elev laut betala kr 50,- for kost og losji for heile kurset. 18 % var frå Stavanger Amt, resten av elevane var frå heile Vestlandet. Berre 5 % av elevane var frå Jæren.

Frå 1914 vart skuleplanen noko endra og utvida. Skuletida vart sett ned til 7 mnd. med 700 tim. teoretisk undervisning. Det var 2 lærarar og ein assistent. I biavl og fjørfeavl vart det nytta time-lærarar.

S.J. Sandved var opphavleg sjømann og var i mange år skipsførar i langfart, så han hadde ikkje hagebruks-utdanning. Men interessa gjorde at han byrja med handelsgartneri og hagebruksskule på Sandved. Han var skipar av skulen og styrar til han døydde 1912. Etter han overtok sonen gartner Jonas Schanche Sandved som styrar. Han var frå før teorilærar i hovudfaga. Seinare overlærar Misvær ved landbruks-høgskulen på Ås vart skulen sin første lærar.

Sandved Havebruksskule vart lagt ned i 1927. Skulen hadde då uteksaminert 430 elevar. Seinare har fylket ikkje hatt hagebruksskule. Skulen har hatt mykje å seia for utviklinga av hagebruket både i Rogaland og heile Vestlandet.

MEIERISKULAR I ROGALAND

I byrjinga av 1850-åra tok Selskapet for Norges Vel opp arbeidet med å fremja eit betre husdyrhald og ei meir rasjonell utnytting av mjølkeprodukta. Med dette formål vart sveitsiske røktarar inviterte til landet for å læra opp bøndene i betre foring og mjølkestell. Selskapet tok og opp arbeidet med å få utdanna meiersker til dei nye meieria som nå var danna. I 1866 sende selskapet ut denne kunngjeringa: "For å skaffe unge piker av gårdmannsklassen undervisning i fullkommen melkestell, akter undertegnede direksjon å opprette en eller flere meieriskoler". Selskapet for Norges Vel fekk då oppretta og seinare støtta 9 meieriskular rundt i landet.

I 1876 starta to slike meieriskular i Rogaland for opplæring av meiersker. Det var ved Nedstrand og

Stavanger meieri. Kursa var på 3 mnd., to kurs til året med 2 elevar i kvart kurs. Elevane fekk fri skule og kr 16 pr. mnd. i offentlege midlar til kost og losji. Opplæringa var praktisk arbeid i meieriet.

I 1884 starta Norges Vel Sandnes Meieriskole ved Sandnes Aksiemeieri. Læretida var eitt år, og det var 2-5 elevar årleg. Undervisninga var både praktisk og teoretisk. Forutan vanlege allmennfag vart det gjeve teoretisk undervisning i meierilære, foringslære og maskinlære. Kurset vart avslutta med eksamen. Dette var den fyrste meieriskulen i landet der elevane fekk noko teoretisk fagundervisning. Styrar var agronom Nicolai Anda, og meierske var Inger Ikdal. I 1888 la Norges Vel ned sine skular, og Sandnes Meieriskole vart i 1888 overført til staten. Skulen vart i 1891 flytt til Øystese meieri i Hardanger. Ved Sandnes Meieriskole vart det i alt utdanna 31 meiersker.

Etter ei omorganisering av meieriundervisninga oppretta staten i 1906 Jæderens Meieriskole ved Jæderens Meieri på Bryne. Dette var ein av dei 3 statskulane for utdanning av meiersker. Dei to andre låg på Stange i Hedemark og Ørlandet i Trøndelag. Skulen hadde til å byrja med to ulike kurs, eit på 3 mnd sommarkurs. Søknaden til årskursa var god, men til 3 mnd. kursa var han liten. Dei korte kursa vart derfor nedlagde alt etter 4 år, og skuletida til dei lange kursa vart utvida til 15 mnd. For å koma inn på meieriskulen måtte ein ha framhaldsskule eller tilsvarande utdanning etter folkeskulen. Dessutan måtte ein ha eitt år praksis ved eit godkjent meieri eller ysteri. Elevane kom frå heile landet. Undervisninga var både teoretisk og praktisk, og det var som regel 12 elevar i kurset. Elevane var med på alt førefallende arbeid i meieriet frå tidleg morgon til kl. 14. Etter middag var det teoriundervisning og arbeid i ysteriet. Det vart lang dag og eit striitt kurs, men jentene likte seg. Fyrste styrar

var Bjørn Schibevåg. Meieristyraren var og rektor ved meieriskulen.

I 1942 fekk skulen ny plan, og så vart kursa på 15 1/2 mnd. Det vart då meir teoriundervisning, særleg om vinteren når mjølkemengda var lita. Faga var norsk, rekning, rekneskapslære, kjemi, fysikk, husdyrlære, foringslære, maskinlære og meierilære. I meierilæra vart det undervist i bl.a. mikrobiologi og teknologiske fag. Kursa vart avslutta med offentlig eksamen og eksamensfest til jul. Jæren meieri vart modernisert med nye bygningar 1946-47, og i 1960 vart det bygt ny skule og internatbygning. Kurset for meiersker gjekk til 1970, og i denne tida tok 729 meiersker sin eksamen med Jæren meieriskule. Men etter kvart vart søknaden til meierskekurset liten og det vart lagt ned. I staden vart det etter oppfordring frå Norges Landbrukshøgskole i 1970 sett i gang eit 1-årig førebuingkurs for studentar til meierilina ved landbrukshøgskulen. Jæren meieriskule vart lagt ned i 1990, og Jæren meieri i 1991.

LANDBRUKSOPPLÆRING FOR KVINNER

Då vi fekk landbruksskulane, kom også krav om at kvinnene på gardane måtte få fagutdanning i jordbruksyrket. Det var sjelden jenter på landbruksskulane i den fyrste tida, men jentene trong og jordbruksutdanning, for i den tida var husdyrstell og mjølkestell for det meste kvinnearbeid. Kvinnene stelte og med kjøkenhagen på gardane, og hjelpte elles til med anna gardsarbeid. Dessutan stod også kvinnene for kost og husstell på garden, så det var overlag viktig for trivnad og økonomi på garden at husmora var dugande og hadde ei god fagleg utdanning.

Den fyrste i Rogaland som gjorde framlegg om å gje kvinnene praktisk opplæring, var amtsagronom John Torkildsen. I eit skriv til amtmannen av 13. mai 1863

sette han fram tanken om ein "uddannelsesanstalt for qvinder". Amtmann Harris gjekk hugheilt med på tanken, og til amts-tinget i 1863 talte han m.a. om "En Dannelsesanstalt for Kvinder": "I den Hensigt at bibringe de unge Kvinder - de vordende Husmødre på Gaardene - en større Kyndighet i deres meget vigtige Gjerning i Landhusholdningen, og som sørgende for Melkestellet, og i mange Tilfælde også det hele Fjøsstell ved offentlig Bistand at give Kvinden Anledning til at uddanne sig for sit Kald som Bestyrerinde af en Landhusholdning."

Den første husmorskulen i Noreg vart oppretta i 1865 av Fru Minna Wetlesen på Abildsø i Østre Aker. Det er så vidt ein veit den første landhusmorskulen i Europa. Selskapet for Norges Vel, som hadde teke initiativ til så mange gode tiltak sidan 1809, tok seg også av opplæringa av bondekvinnene. Selskapet fekk oppretta fleire husmorskular over heile landet i åra 1880-1890. Det vart også oppretta fleire private husmorskular i byane. Etter forslag av Landbruksdepartementet vedtok Stortinget i 1908 retningslinjer for husmorskulane sitt arbeid, og gav reglar for statsstøtte m.m. Dessutan vart det vedteke at husmorskulane skulle høyra inn under Landbruksdepartementet. Husmorskulane låg under Landbruksdepartementet til 1959 då dei vart overførde til Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Dei offentlege husmorskulane vart no kalla fagskular i husstell, og gardsdrifta var no nedlagd ved dei gamle husmorskulane.

Det fyrste skulekurs i bygdene i Rogaland med praktisk opplæring for unge jenter kom i stand ved privat initiativ. Enkja Marta Dorthea Olsen (fødd Mossige) busett i Tananger, gav i 1875 til heimbygda

*Bildet neste side: Frå Jæren meieriskule på Bryne.
Foto: * Jæren Meieriskules arkiv, Jærmuseet.*




si Time eit legat på 1000 spd. under mamnet "Hjemmets Minde". Rentene skulle nyttast til ein skule med praktisk opplæring av jenter etter nærare fastsette reglar. Det fyrste kurset heldt til på Mossige vinteren 1875/76 med lærarane Karl Aanestad og Dorthea Sandved. Eit liknande kurs med dei same lærarane vart sommaren 1877 halde i Bjerkreim. I amtstinget sovna saka om ein offentleg husmorskule bort i mest 20 år.

Den praktiske jenteskulen på Åsland


På amtstinget i 1880 kom amtmannen inn på spørsmålet om utdanning av kvinner som var reist i amtstinget 1863. Skuledirektør Wolff som var tilstades

på møtet, tok opp saka. Stortinget ville i 1881 løyva kr 1500 til skulen på same vilkår som for amtsskulane. Amtstinget vedtok 4. juli 1881 at skulen skulle setjast i gang og løyvde fjerdeparten.

Under namnet *Stavanger Amts Jenteskole* vart skulen oppretta på garden Åsland i Time. Stoffer Aasland var eigar av bruket Lindland og styrar av skulen. Kona Marta Maria Aasland vart leiande styrarinne. Ein seminarist underviste i boklege fag, og ei lærarinne underviste i handarbeid. Styrarinna underviste i matstell, mjølke- og fjøsstell, veving o.a. Styraren underviste i praktisk jordbruksarbeid, gjødsling, såing og hausting.



Jæren meieriskule i 1930 åra.



Sømme Husmorskule i Sola, 1937.

Kursa var 9 mnd. frå mars til november. Elevtalet var som regel 12. Dei teoretiske faga som dei fekk karakter i, var lesing, norsk munnleg, norsk skriftleg, geografi, rekning, song og historie. Seinare vart historie skifta ut med hushaldsteori. Dessutan var det karakter i oppførsel. Seinare vart karakterprotokollen forenkla til ein karakter utrekna på grunnlag av teoretisk og praktisk dugleik. Undervisninga var 2 timer teori til dagen, resten øvingar og arbeid inne i huset eller ute i fjøset og på jordet.

På bruket Lindland på Åsland hadde det vore pannefabrikk. Elevane vart innkvarterte i styrarbustaden. Skulestovene var i heimehuset som var påbygt for dette. Elevane skulle betala kr 144 for kosten, men nokre fekk friplasser. Begge styrarfolka var flinke, og elevane likte seg og skulen gjekk godt. Jentene frå jenteskulen på Åsland var populære i bygdene og utmerka seg seinare i livet. Då Stoffer Aasland døydde i 1888, overtok sonen Kristoffer Aasland både garden og skulen med kona Malen (fødd Tvedt) som



Frå skulekjøkkenet på Sømme husmorskule.

styrarinne. Skulen vart driven vidare etter same plan til han vart nedlagd. Løna til styraren var og den same i dei 20 åra skulen gjekk, så økonomien var nok trong for skuledrifta.

Men krava steig, og i dei siste åra var det noko misnøye med tilhøva ved skulen. I 1900 vart det valt ei nemnd som skulle granska spørsmålet om ei omskiping, m.a. var også spørsmålet oppe om å slå landbruksskulen på Tveit og jenteskulen på Åsland saman. Med i nemnda var Lars Kolbenstvedt, A. Rommetvedt og S.H. Ånestad. Nemnda kunne ikkje tilrå at skulen vart verande på Åsland, men rådde frå å slå han saman med landbruksskulen. Det burde heller kjøpast eller leigast ein gard til jenteskule.

Stavanger Amts Jenteskole på Åsland vart då i 1902 nedlagd etter 20 års drift. Det var i alt 289 elevar som då hadde gått på skulen. Elevane kom frå dei fleste bygdene i fylket, men flest frå Time, Håland, Klepp og Hetland.

Rogaland fylkes husmorskule

Etter at eit forslag om utsetjing var nedstemt, vart det samrøystes vedteke å kjøpa garden Sømme med 80 dekar dyrka jord og 40 dekar udyrka for kr 20 000. Til styrar av skulen vart tilsett frk. Dorothea Rabbe, tidlegare hushaldslærarinne på Ryggjabø ungdomskule. Skulen fekk bygd ein gild skule- og internatbygning i 1911-1912, og seinare eit "mønsterhus" til demonstra-



Dorothea Rabbe var styrar på Sømme husmorskule.
Foto: * Sømme husmorskules arkiv.

sjonsbruk. Skulen kosta i alt med hus og lausøyre ca. kr 75 000,-.

Rogaland fylkes husmorskule på Sømme starta opp i august 1912 med 30 elevar. Kurset vart avslutta 20. desember 1912 med skulen sin innviingsfest. Skulen hadde seinare to 5-mnd. kurs til året med 40 elevar i

kvart kurs. Forutan vanleg husstellundervisning fekk også elevane teoretisk og praktisk opplæring i husdyrstell og hagebruk.

Som vi ser av planen var det ein allsidig, nyttig og god skule som snart vart svært populær. Søkna den til skulen var så stor at berre halvdel av søkjarane fekk plass. Ofte var det slik at berre dei som var forlova og skulle gifta seg, fekk elevplass. På grunn av den store trongen til husmoropplæring la styret fram alt etter 6 års drift forslag om å skipa ein ny husmorskule. Det var tronge økonomiske tider i 20- åra, så fylket våga seg lite på tiltak som kosta ein del pengar. Som ei førebels ordning vedtok fylkestinget å starta eit 5-mnd. kurs for 20 elevar ved Utgarden ungdomskule, og byggja eit nytt hus på Sømme så husmorskulen der kunne ta inn 40 elevar i kvart kurs. I 1929 vedtok fylkestinget å leggja med ungdomskulen på Ryggjabø og i staden flytta husmorskulen frå Utgarden til Ryggjabø. Rogaland fekk med det to fylkeskommunale husmorskular. På Ryggjabø vart det og to 5-mnd. kurs, men her var det berre plass til 24 elevar i kvart kurs. Fyrste styrarinne på *Ryggjabø husmorskule* var Anna Melkevik.

Sømme husmorskule vart lagt ned i 1988. Det var ofte store støyproblem så nær flyplassen, så det var vanskeleg å driva undervisning. Ryggjabø husmorskule har no fått namnet *Ryggjabø vidaregåande skole* og har studieretning for hushaldsfag, helse- og sosialfag, og fiskerifag.

M.A. Grude seier i si bok "Jæderen" om husmorskulane:

"Husmor-Undervisningen har ogsaa været et ikke ubetydeligt Middel til at hjælpe frem det jæderske Landbrug."